



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 14

Telefaks 53 43 70 11

Hordaland Fylkesklommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

UGGDAL, 27.11.2015

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
15/566-3	7773/15	561	FSK/RAD/STDAL	

### REGIONAL TRANSPORTPLAN HORDALAND 2018 – 2029 UTTALE FRÅ TYSNES

Formannskapet i Tysnes kommune hadde planprogram til regional transportplan til førehaving i sitt møte 24. november d.å. Det vart gjort vedtak om slik uttale:

«Tysnes kommune er positiv til at Hordaland fylkeskommune no rullerer regional transportplan. Me vurderer planen som eit viktig dokument som skapar føreseieleleg utvikling av transportsektoren.

Tysnes kommune vil særskilt merkja følgjande:

- Det er positivt at det i planprogrammet vert lagt opp til ei vidare oppfølging av *Moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytt til ny E39 Bergen – Rogaland*.
- Det er positivt at det vert vurdert ein utgreidd ein mogleg fordelingsnøkkel mellom overordna og øvrig fylkesvegnett for å sikra at også det øvrige fylkesvegnettet får turvande oppfølging.
- Det er positivt at vegdirektoratet sine standardkrav vert vurdert opp mot større fleksibilitet, dette vil kunna gje betre rom for pragmatiske og fornuftige vurderingar av utbetringstiltak ved einskilde høve.
- Det er vidare positivt at det vert lagt opp til å kartleggja behov for utbygging av anlegg for sykkel og gange langs fylkesvegane utanom Bergen. Eit av hovudperspektiva i ein slik kartlegging må vera å ivareta tryggleiken til desse trafikantane.
- Det er positivt at det i vurdering av kollektivtransport utanom Bergen vert lagt særskilt vekt på hovudlinenettet for kollektivtrafikken og at ein særskilt ser på korleis ulike transportmiddel utgjer *eitt* reisenett.
- Tysnes kommune er vidare positive til at det i planprogrammet vert vist til at det er behov for å gjera ei nærare utgreiing kring finansiering gjennom bompengar og ferjeavløysingsmidlar.

Når det gjeld ferjesamband så merkjar me oss at dette i stor grad vert ivareteke gjennom arbeidet med anbodsinnhenting, me meiner likevel at dette bør vurderast særskilt i RTP då ferjene utgjer ein svært viktig del av vegnettet i Hordaland. Me ser

også at ei vurdering gjennom RTP i langt større grad vil sikra gode prosessar kring dette arbeidet enn ei vurdering opp mot anbodsinnhenting. I eit lengre perspektiv bør anbodsinnhentinga vera å rekna som del av handlingsprogrammet, medan dei strategiske vurderingane bør gjerast gjennom RTP.


Tysnes kommune har ikkje merknader knytt til måten arbeidet vert organisert på.

Strekninga Våge – Uggdal må prioriterast når det gjeld å leggja til rette for syklende og gåande langs fylkesveg

Tysnes kommune saknar ein plan for utvikling og vidareføring av interkommunale buss-samband og korrespondanse mellom regionale sentra. For Tysnes gjeld dette ruter til Bergen i nord og Stord i sør. I lys av at me opplev auke i folketalet, ikkje minst grunna integrering av flyktingar, bør slike tilbud prioriterast høgare.»

Me ønskjer lukka til med vidare handsaming av planprogrammet!

Med helsing  
Tysnes kommune



Steinar Dalland  
rådmann